

# Kvam herad

## Sakspapir

### SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kvam heradsstyre	11.06.2019	055/19

Avgjerd av:	Arkiv: N-654	Arkivsaknr
Saksh.: Olav Botnen	Objekt:	16/2845 - 12

### Høyringsuttale til revisjon av konsesjonsvilkår Bergsdalsvassdraget

#### *Behandling i politiske utval:*

#### **11.06.2019, HST- 055/19 Vedtak:**

*Kvam herad sluttar seg til vurderingane som er gjort i vedlagte notat «Felles kravdokument 05.06.2019», og ber om at kravet med saksutgreiing vert sendt Norges vassdrags- og energidirektorat.*

---

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kvam herad sluttar seg til vurderingane som er gjort i vedlagte notat «Felles kravdokument 05.06.2019», og ber om at kravet med saksutgreiing vert sendt Norges vassdrags- og energidirektorat.

#### **Samandrag:**

Kommunane Voss, Vaksdal, Modalen, Vik og Kvam herad fremjar krav om revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragsreguleringane i Modalsvassdraget, Eksingedalsvassdraget, Teigdalsvassdraget og Bergsdalsvassdraget med Torfinnsvatnet.

NVE varsla kommunane 11. januar om innkomne krav om vilkårsrevisjon for Torfinnsvassdraget med Bergsdalsvassdraget og om tilsvarende krav om revisjon i Eksingedalsvassdraget og Teigdalsvassdraget, samt koordinering med Steinsland/Modalsvassdraget.

Voss kommune svarte 23. mars 2019, på vegne av kommunane Vaksdal, Modalen, Vik og Kvam herad, at kommunane ynskjer å koordinere krava om vilkårsrevisjon for vassdraga knytt til Evanger kraftverk og Vosso. Høyanger kommune ynskjer ikkje å fremje krav om

revisjon.

NVE har seinare spesifisert at dei ynskjer å sjå alle reguleringane i kvart av vassdraga samla, og få vurdert vilkåra også for dei reguleringane som ikkje rører Vossovassdraget direkte. Det gjeld dermed også heile Bergsdalsvassdraget, nedste delar av Eksingedalsvassdraget og Modalsvassdraget. Det omfattar i hovudsak BKK sine konsesjonar, men og Voss Energi sin konsesjon for overføring av Torfinnsvatnet til Bergsdalsvassdraget.

Kommunane har hatt desse konsesjonane på høyring lokalt, og innspela frå ulike høyringspartar er i stor grad inkludert i dette dokumentet. Det tek også omsyn til pågåande arbeid med tiltaksplanar etter vassforskrifta og EU sitt vassrammedirektiv. Rådgivende Biologer AS har på vegne av kommunane utarbeidd grunnlagsdokumentet for krav om vilkårsrevisjon.

Målet med ein slik revisjon er justering av miljøvilkåra og forholdet til allmenne interesser. Sjølve kraftkonsesjonen eller privatrettslege forhold overfor grunneigarar vert ikkje omfatta av revisjonen

#### **Økonomiske konsekvensar**

Eventuelle nye revisjonsvilkår for BKK kan redusera kraftproduksjonen og dermed verka negativt på Kvam herad sin kraftinntekter frå Bergsdalsvassdraget, og Kvam herad sin andel er ein fast kraftproduksjon på 10.440,9 MWH. Inntekter er i størrelsesorden 4,4 mnok i 2019.

Rådmannen reknar med at NVE legg vekt på det ansvaret BKK har synt at dei tek gjennom sine sjølvpålagte miljøkrav, og går ut frå at revisjonsprosessen fører fram til ein balansert og grundig kost/nytte-vurdering for aktuelle tiltak og nye vilkår

#### **Vedlegg i saka:**

<b>Dok.id</b>	<b>Tittel</b>
636103	Felles kravdokument 05.06.2019
636153	190603 Kvam kommune

#### **11.06.2019 Kvam heradsstyre**

##### **Røysting:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke med 27 røyster

##### **HST- 055/19 Vedtak:**

Kvam herad sluttar seg til vurderingane som er gjort i vedlagte notat «Felles kravdokument 05.06.2019», og ber om at kravet med saksutgreiing vert sendt Norges vassdrags- og energidirektorat.

##### **Saksopplysningar:**

x

**Vurdering:**

x